

Asbjørn Gjelsvik  
Stallavegen 190  
5993 Ostereidet

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3925 - 23/62479

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.  
kommune.no

Dato:  
10.08.2023

## Vedtak om skadefellingsløyve- Andås 6/1

### Administrativt vedtak: Saknr:

#### VEDTAK:

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette Asbjørn Gjelsvik gbnr: 6/1, løyve til felling av 3 skadegjerande hjort.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:


- Der vert gitt løyve til uttak av 2 kalvar og 1 valgfritt hanndyr. Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr av begge kjønn ved behov.
- Fellingsløyve er gjeldande på innmark med grasproduksjon når skade kan påvisast og uttaket skal skje på det spesifikke område der skaden skjer.
- Løyve er gjeldande frå 10.08.2023 2023 til 31. August 2023, eller til 2. slått er ferdig.
- Felling av dyr meldes snarast råd til viltansvarleg i kommunen på mail. Sluttrapport frå grunneigar sendes til kommunen seinast 10. September 2023.
- Uttaket skal skje av flokkar av hjort og ikkje enkelt dyr.
- Forhandsavtale om tilgang til godkjent ettersøks hund skal vera inngått før felling vert utført.
- Dyret tilfall valdet og vert trekt frå vanleg fellingskvote. Det krevjast at valdet har tilsvarende kategori dyr på sin fellingskvote.
- Uttaket skal følgje dei ordinære krava til jaktutøving i viltlova med tilhøyrande forskrifter.

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

#### Saka gjeld

Asbjørn Gjelsvik søker i mail dagsett 10.08.2023, om løyve til skadefelling av hjort på 6/1. På dette bruket er det beiteskader av hjort i større og mindre grad på grasavling. Området er belasta av skada av hjort både vår og sommar. På bruk 6/1 blir det observert flokkar på opp til 10 vaksne dyr.

Det har vert høgt nivå av skada dei tidlegara åra. Der har vert søkt om og innvilga skadefelling før.



Figur 1: Oversiktskart

#### VURDERING:

Naturmangfaldlova § 18 fjerde led gje kommunen ret til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første led bokstav b.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Igjennom fleire år har det i dei gamle kommunane som utgjer Alver kommune vore sett tendensar til auke i hjortebestanden og beiting av hjort påfører jordbruks betydelege økonomiske tap mange stader i kommune. Like eins er stor bestand ein vesentleg hindring for kvalitetsmessig fornying av skog og oppfylling av fornyingsplikten i skoglovas §6 samt at det kan utvikla seg til ein fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting. Hjortebestanden har skeiv kjønnssamsetjing og reduserte slaktevekt bland kalv. Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middels. Alver kommune har 25.06.2020 markant redusert minstearealet for hjort for å heva avskytinga i området og i sesong 2021 endra samansetninga i uttaket radikalt i retning av ho dyr. I betydeleg grad utøvast hjortjakta i kommunar som bø jakt til vern av avling og for å ta ut problemdyr i ordinær jakttid. I 2022 reduserte Alver kommune på nytt minsteareal for hjort.

Det vert oppfordra til at der startast med uttak av kalvar. Då uttaket skal skje av flokkar av hjort og ikkje enkelte dyr vil der i desse flokkane alltid være kalv å ta ut og dermed oppnå stor skremmingseffekt av resten av flokken grunna mor dyr/ kalv bindinga. Ved uttak av fjorkoller skal der utvisast stor forsiktigkeit.

**Lovheimel**

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/62475»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Asbjørn Gjelsvik

Stallavegen 190

5993 Ostereidet